



Bremanger kommune

Plan og forvaltning

Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

V år ref:
26/10653- MM

Dykkar ref.
202317822

Dato:
28.08.2026

Høyringsuttale frå Bremanger kommune til søknad om utbygging av nye Dyrstad kraftverk, saksnr. 202317822

Viser til dykkar høyring av søknad om bygging av nye Dyrstad kraftverk, som vi mottok 03.06.2026, der Bremanger kommune har fått utsett høyringsfrist til 28.august.

Formannskapet i Bremanger har handsama høyringssaka i møte den 27.08.2026, sak 055/26, og vedteke følgjande høyringsfråsegn (samrøystes vedtak):

Bremanger kommune gjev fylgjande uttale til søknad om utbygging av nye Dyrstad kraftverk:

Bremanger kommune er positiv til at vassressursen i Dyrstadelva får auka utnytting. I høve nytt inntak og overføring av bekkane nordaust for Dyrstadstøyleen bør setjast krav om avbøtande tiltak for å redusere omfanget av hogst og terrenginngrep for overføringsleidninga. Det må også vurderast nøyare om omsøkt slepp av minstevassføring er tilstrekkeleg. For kraftstasjon ved fjorden må det setjast krav om at bygget vert godt tilpassa terreng og landskap, og får ei estetisk god utforming. Permanente vegar må tilpassast terreng på best mulig måte, og det må vere klare krav til at anleggsvegar og anleggsområde vert arrondert og stelt til etter avslutta anleggsperiode.

Utskrift frå møteboka er vedlagt.

Helsing

Magnhild Myklebust
Leiar plan og forvaltning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Adresse
Rådhuset, Postboks
104,
6721 Svelgen

Telefon
57 79 63 00

Org. nr
959 318 166
Bankkontonr:
3776 07
50035

E-post postmottak:
post@bremanger.kommune.no
E-post sakshandsamar:
magnhild.myklebust@bremanger.kommune.no

Internett
www.bremanger.kommune.no



JournalpostID: 26/9766
Sakshandsamar: Magnhild
Myklebust
Dato: 29.07.2026

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
055/26	Formannskapet	27.08.2026

Høyringsuttale til søknad om utbygging av nye Dyrstad kraftverk

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bremanger kommune gjev fylgjande uttale til søknad om utbygging av nye Dyrstad kraftverk:

Bremanger kommune er positiv til at vassressursen i Dyrstadelva får auka utnytting. I høve nytt inntak og overføring av bekkane nordaust for Dyrstadstøylen bør setjast krav om avbøtande tiltak for å redusere omfanget av hogst og terrenginngrep for overføringsleidninga. Det må også vurderast nøyare om omsøkt slepp av minstevassføring er tilstrekkeleg. For kraftstasjon ved fjorden må det setjast krav om at bygget vert godt tilpassa terreng og landskap, og får ei estetisk god utforming. Permanente vegar må tilpassast terreng på best mulig måte, og det må vere klare krav til at anleggsvegar og anleggsområde vert arrondert og stelt til etter avslutta anleggsperiode.

Bakgrunn for saka:

NVE har sendt søknad frå Dyrstad kraftverk AS om løyve til utbygging av nye Dyrstad kraftverk på høyring. Planlagde tiltak omfattar ei oppgradering og utviding av eksisterande anlegg, med nytt inntak i Ytre Stølsvatnet og ny kraftstasjon ved fjorden. Kraftverket vil få utvida fallhøgde frå 268 til 318 meter. Vassvegen vil bestå av ny og eksisterande røyrgate med samla lengde om lag 1500 meter, og overføring av eit delfelt ved Dyrstadstøylen via røyr. Det nye kraftverket får auka installert effekt frå 1 MW til 4,3 MW, og produksjonen vil auke frå 4,6 GWh/år til 10,2 GWh/år.

Kommunen har fått utsett høyringsfrist til 28.august 2026.

Formannskapet 27.08.2026:

Handsaming:

Ordførar informerte i saka.

FSK- 055/26 Vedtak:**Samrøystes vedtak:**

Bremanger kommune gjev fylgjande uttale til søknad om utbygging av nye Dyrstad kraftverk:

Bremanger kommune er positiv til at vassressursen i Dyrstadelva får auka utnytting. I høve nytt inntak og overføring av bekkane nordaust for Dyrstadstøylen bør setjast krav om avbøtande tiltak for å redusere omfanget av hogst og terrenginngrep for overføringsleidninga. Det må også vurderast nøyare om omsøkt slepp av minstevassføring er tilstrekkeleg. For kraftstasjon ved fjorden må det setjast krav om at bygget vert godt tilpassa terreng og landskap, og får ei estetisk god utforming. Permanente vegar må tilpassast terreng på best mulig måte, og det må vere klare krav til at anleggsvegar og anleggsområde vert arrondert og stelt til etter avslutta anleggsperiode.

Aktuelle lover, forskrifter avtale mm:

Vassressurslova


Plan- og bygningslova

Naturmangfaldlova

Saksopplysningar:

Dyrstad kraftverk AS har søkt om løyve til oppgradering og effektivisering av eksisterande kraftproduksjon. Det er søkt om å flytte inntaket opp til Ytre Stølsvatnet for å auke fallhøgda med 11,5 m, og for å få med bekkar i delfelt mot vest må det då etablerast overføring frå bekkainntak nordaust for Dyrstadstøylen. Eksisterande kraftstasjon ligg på kote 42, og det er planlagt å byggje ny kraftstasjon, med auka slukeevne, på kote 4. Det er også søkt om å auke reguleringa av Dyrstadvatnet ved å senke lågaste regulerte vasstand (LRV) med ein meter. Senkinga av LRV vil medføre at om lag 20,6 daa strandsoneareal vert tørrlagt ved lågaste vasstand. Ny kraftstasjon får installert effekt på 4,3 MW. Dette gjev ein auke i årsproduksjonen frå ca 4,6 GWh til om lag 10,2 GWh, der vinterproduksjonen kan utgjere om lag 70 % av totalproduksjonen.

Dagens kraftverk vart etablert i 1999, som konsesjonsfritt minikraftverk, og utnyttar fallet mellom inntaket nedanfor Dyrstadstøylen og kraftstasjonen på kote 42 moh. I tillegg vart Dyrstadvatnet regulert med 1 m. Etter at NVE gjennomførte revurdering av vassvegen i 2019 vart det krav om utskifting av rørgate, installasjon av automatisk røyrbrotsventil ved inntaksdam og oppgradering av damanlegget ved Dyrstadvatnet. I 2022 ga kommunen dispensasjon frå LNF-føremålet i arealplan for fornying av røyrkata mellom eksisterande inntak og dagens kraftstasjon og til oppgradering av damanlegget ved Dyrstadvatnet. Den nye røyrkata er dimensjonert for auka slukeevne på inntil 1,6 m³/s, og tappearrangementet ved damanlegget ved Dyrstadvatnet er tilrettelagt for regulering med 2 m.



Kartskissene over viser eksisterende situasjon, og omsøkte tiltak ved inntak og kraftstasjon ved sjøen.

Dei omsøkte endringane omfattar:

- Etablering av nytt inntak ved Ytre Stølsvatnet og oppgradering av eksisterande lausmassedam på kote 321,6 moh. Dammen vil få ei lengde på ca. 60 m, med eit overløp med 30-35 m lengde. Overløpsterskelen blir på same høgde som i dag, mens resten av dammen blir 2 m høgare. Inntaket skal tilretteleggjast for slipp av minstevassføring på 17 l/s heile året, og utstyr for registrering og logging av minstevassslipp vil bli plassert i inntaksbygget.
- Ny rørgate frå eksisterande inntak til nytt inntak ved Ytre Stølsvatnet, om lag 350 m lengde. Eksisterande overføringsrør vil bli fjerna og bekkeløpet tilbakeført tilsvarande det opprinnelege.
- Permanent veg fram til inntaket
- Etablering av to bekkeinntak nordaust frå Dyrstadstøylen for overføring til Ytre Stølsvatn, med Ø600 mm overføringsleidning i om lag 350 m lengde. Leidninga er planlagt lagt på terreng som avbøtande tiltak for å redusere inngrep i naturtypen gammal furuskog. Det er ikkje planlagt slepp av minstevassføring i bekkane.
- Auka regulering av Dyrstadvatnet (senking av LRV med 1 m, totalt 2 m reguleringshøgde). Det er etablert tappearrangement der det skal byggjast inn avgreining for minstevassføring med måleutstyr for dokumentasjon. Det skal byggjast eit lite treoverbygg for å sikre tappearrangementet mot frost. Solceller med batteripakke vil syte for nødvendig straumtilførsel for logging av minstevassføring og fjernstyring av tapping.
- Ny rørgate (Ø1000/Ø900) frå eksisterande kraftstasjon til ny kraftstasjon ved fjorden (kote 4).
- Ny kraftstasjon om lag 30 m vest for utløpet til Dyrstadelva. Stasjonsbygget får ca. 80 m² grunnflate, og ut frå forslag til plassering blir ein del av kraftstasjonen liggjande under terreng. Utløpet vert prosjektert med vasslås for å minimalisere støyutslepp.

- Ca 150 m ny veg frå fylkesvegen og ned til kraftstasjonen.
- Ny nettstasjon i tilkoplingspunktet for kraftverket, og jordkabel frå ny kraftstasjon og fram til eksisterande 22 kV nett ved eksisterande kraftstasjon, parallelt med rørgata. Linja AS sin trafostasjon i Svelgen må byggjast om for å ta imot den ekstra effekten frå det nye kraftverket.

I anleggsfasen vil det bli eit ryddebelte på inntil 20 m langs rørtraseen, og det må etablerast enkle anleggsvegar langs nye rørstrekningar. Rørgate og jordkabel vert nedgravne, men det vil vere eit skjøtelsbelte på ca. 3–4 m breidde over ny rørgatetrase der skogveksten må avgrensast av driftsmessige omsyn. Det skal ikkje vere behov for å etablere massetak eller deponiområde. Overskotsmasse frå gravearbeid skal nyttast til fyllingsdam og til arrondering av terreng i anleggsområdet, og eventuell sprengstein skal nyttast til vegbygging ned mot kraftstasjonen. Ved eventuelt masseunderskot skal masse tilførast eksternt.

Det går fram av søknaden at det seinare vil bli aktuelt å søkje om tilbakeføring av del av nedbørsfeltet for Sætrefjellet som tidlegare hadde avløp mot Dyrstadstøylen, slik at dette drenerer mot det planlagde bekkeinntaket.

Områda har LNF-føremål i arealdelen til kommuneplanen for Bremanger, med unntak av området rundt eksisterande kraftstasjon, som har føremål «anna byggjeområde», BAB166. Tiltaka vil difor krevje dispensasjon frå kommuneplanen. For konsesjonsgjevne anlegg vil vilkåra for å gje dispensasjon i hovudsak vere oppfylte, og det er difor viktig at kommunen tek stilling til hovudtrekka for tiltaket i samband med høyringa av konsesjonssøknaden. Eventuelle mindre detaljar kan avklarast gjennom seinare dispensasjonshandsaming.

Tiltaka er konsekvensutgreidd og vurdert til å ha middels negativ påverknad på naturmangfald, noko negativ påverknad på landskap, friluftsliv, jakt og fiske, sosiale og helsemessige forhold. For næringsliv og kommunal økonomi er tiltaket vurdert å ha noko positiv verknad, medan påverknaden på kulturminne, vasskvalitet, naturfare etc. er vurdert å vere ubetydeleg. Samla konsekvensgrad er sett til noko negativ.

NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Dei ønskjer også grunnleggjande forslag til avbøtande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber dei om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket.

Kommunen har informert om høyringa på heimesida vår, men vi har ikkje motteke kopi av høyringsuttalar med unntak av uttale frå Statsforvaltaren og Kystverket. Den ordinære høyringsfristen var 13.august 2026. Kystverket har ikkje merknad til planane, medan Statsforvaltaren rår til at utbygginga vert avgrensa til eksisterande vassinntak. Statsforvaltaren rår også til at minstevassføring frå Dyrstadvatnet og Ytre Stølsvatn vert auka til nivå med alminneleg lågvassføring, og at verknaden på sjøaure ved flytting av kraftstasjon frå kote 42 moh til kote 4 vert nærare utgreidd.

Konsesjonssøknaden med vedlegg og innkomne merknader til denne kan sjåast på NVE si nettside [Konsesjonssak - NVE](#)


Vurdering:

Av arealstrategien som er vedteken i kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel går det fram at aktivitet knytt til fornybar energi, som t.d. bølgekraft og vasskraft, skal vurderast opp mot KU-tema der verknad for naturmangfald og strandsone er særleg viktig. Samfunnsdelen til kommuneplanen er under revisjon, der arealstrategiane skal vurderast på nytt og fornybar energi vil vere eit sentralt tema.

Tiltaket er samla sett vurdert å ha middels negativ konsekvens for naturmangfald. Det går fram av søknaden og konsekvensutgreininga at dei største negative konsekvensane ved ei utbygging vil kome som følge av hogst og inngrep i ein lokalitet med gammel furuskog, og endra artssamansetning av redusert vassføring i elvane. Konsekvensutredning for naturmangfold (Rådgivende biologer AS, rapport 4057 og 4058) viser at det er viktige naturtypar som vert påverka av tiltaket, jf. utklipp under.

Tabell 5. Oversikt over registrerte delområder og verdier i utredningsområdet.

Delområde	Type jf. Miljødirektoratet 2022	Verdi
1. Dyrstadstøyla 1	E11.1 Gammel fatig rampskog	Stor
2. Dyrstadstøyla 4	C11.1 Gammel furuskog med gamle trær	Stor
3. Ved Indre Stølsvatnet	E11.1 Gammel fatig rampskog	Stor
4. Dyrstadstøyla sørst	C11.2 Gammel furuskog med gamle trær	Stor
5. Dyrstadbekken	F1 Elv med ikke-anadrom fisk, elvevassmasser (F1) er rødlistet naturtype (NT), men tilstand er moderat på grunn av eksisterende dam og regulering nedstrøms.	Middels
6. Influensområdet	Naturområder uten påvirkning i influensområdet	Noe




Figur 11. Oversikt over registrerte delområder og verdier i utredningsområdet.

Over: Utdrag fra rapport nr. 4058 og 4057

Tabell 5. Oversikt over registrerte delområder og verdier i utredningsområdet.

Delområde	Type jf. Miljødirektoratet 2022	Verdi
1. Dyrstadstøyla sørst	C11.2 Gammel fatig furuskog med gamle trær	Noe
2. Dyrstadbekken	Elv med ikke-anadrom fisk, elvevassmasser (F1) er rødlistet naturtype (NT), men tilstand er moderat på grunn av eksisterende regulering.	Middels
3. Influensområdet	Habitat for arter som er vanlige i distriktet	Noe



Figur 13. Oversikt over registrerte delområder og verdier i utredningsområdet.

Auka regulering av Dyrstadvatnet er vurdert å gje ubetydeleg endring av naturverdiane, og dermed ubetydeleg negativ konsekvens, jf. rapport 4058. Overføringsleidning frå bekkinntak nordaust for Dyrstadstøyla til Ytre Stølsvatnet og ny rørledning frå eksisterande inntak til nytt inntak i Ytre Stølsvatnet vil gå gjennom ein lokalitet «Gammel furuskog med gamle trær», vurdert å ha stor verdi. Hogst og inngrep i terrenget for rørgatetraseen vil vere negativt for naturtypen, og i tillegg til arealbeslaget vil lokaliteten bli fragmentert og få redusert økologisk samanheng. Ut frå dette er tiltaket sin påverknad på området søraust for Dyrstadstøyla vurdert å forringe verdien, og samla konsekvens for oppgraderinga av kraftverket vert då vurdert å vere middels negativ. Ved ei redusert utbygging der ein beheld eksisterande inntak vil ein i stor grad unngå den negative påverknaden. Av søknaden går det fram at overføring av dei to bekkane mot inntaket er ein føresetnad for at nytt kraftverk blir bygt. Som avbøtande tiltak er det foreslått at overføringsleidningen vert lagt på terreng, slik at inngrepsområdet vert redusert. Dette vil vere positivt i høve arealbeslaget og tap av eldre tre, men vil vere meir visuelt skjemmaende i høve landskap og friluftsliv.

Det er foreslått slepp av minstevassføring på 70 l/s frå Dyrstadvatnet og 17 l/s frå inntaket til Dyrstadelva. Frå bekkane aust for Dyrstadstøyla er det ikkje foreslått minstevassføring. Statsforvaltaren er i si fråsegn kritisk til nivået på minstevassføringa då denne er under nivået for alminneleg lågvassføring, slik hovudregelen er i vassressurslova § 10 første ledd. Dei påpeikar at elva har gått tørrlagt i store deler av året, og at det har påverka vurderinga av at det er få naturverdiar knytt til elva. Dei viser også til at eksisterande kraftverk på kote 42 er plassert ovanfor vandringshinderet for anadrom fisk, i samsvar med etablert praksis ved

småkraftutbygging, og at verknadane ny plassering av kraftstasjonen, med avløp direkte til sjø, vil ha for sjøaure ikkje er vurdert. Ut frå dette bør nivået for minstevassføring vurderast nærare. I «Tilleggsnotatet til konsekvensutredning naturmangfold for Nye Dyrstad kraftverk» (DNV Aquaculture and Ocean Health AS, 27.05.2026) er det vurdert verknaden av bekkeinntaka nordaust for Dyrstadstøylen på vassmiljø og naturmangfald. Bekken nedstraums bekkeinntaka og ned til samløp med Dyrstadelva vil få stor reduksjon i vassføringa, og vil i praksis vere tørrlagt med unntak ved overløp, som er forventa å vere 6-14 dagar i løpet av eit år. Eit eventuelt krav til slepp av minstevassføring er likevel vurdert å ikkje ha nokon positiv miljøeffekt av betydning.

Dyrstadsetra og Dyrstadvatnet er registrert som friluftsområde, brukt til turgåing, og har tilgang via skogsveg og sti på Dyrstad. Sti til Sandsegga går gjennom området. Delområdet er vurdert å ha middels verdi for friluftsliv, jf. kap. 6 i konsesjonssøknaden, og tiltaka vil medføre noko forringing av verdien visuelt på grunn av inngrep og utvida reguleringszone rundt Dyrstadvatnet.

Området er i utgangspunktet prega av tekniske inngrep, både steinbrot og vegbygging, i tillegg til inngrep knytt til eksisterande kraftverk. Reguleringszone rundt Dyrstadvatnet og inngrep knytt til utskifting av rørgate og oppgradering av damanlegg i 2022/2023 viser store sår i naturen, jf. flyfoto under som er teke i 2024.



Det er viktig at det i anleggsperioden vert lagt vekt på å avgrense terrenginngrep, trasear og vegbygging til det som er absolutt nødvendig, og at anleggsveggar vert fjerna og tilrettelagt for revegetering så snart anleggsarbeidet er avslutta. Inngrepa knytt til eksisterande rørgate påverkar landskapsbiletet frå fjorden, medan reguleringszone rundt Dyrstadvatnet berre er synleg frå høgre fjellparti. I høve landskap har dei omsøkte inngrepa langt mindre omfang enn det som allereie er utført i området.

Ny kraftstasjon er planlagt ca 30 m vest for utløpet av Dyrstadelva, for å få avstand til hyttene ved Sagetun på austsida av utløpet og dermed redusere støyplager. Kraftstasjonen med tilkomstveg og parkeringsareal vil medføre inngrep i strandsona. Verknadane på strandsone er ikkje spesielt vurdert i konsekvensutgreiinga, men inngår i vurderinga av landskapsverknadane og verknader for friluftsliv.



Over: Planteikning som viser mulig utforming av veg og kraftstasjon, og manipulert bilde som viser plassering og omfang på kraftstasjonen.

Strandsona ved Sagevika er vurdert å ha liten brukarfrekvens på grunn av dårleg tilgjengelegheit, men har opplevingskvalitet på grunn av kulturmiljøet ved Sagetur og området kan vere brukt av fritidsfiskarar. Friluftslivskvalitetane i området er vurdert å bli noko forringa av tiltaket og konsekvensen for dette området er vurdert å vere noko negativ. Det er ikkje foreslått avbøtande tiltak for friluftsliv, men i høve landskapspåverknad er det foreslått at kraftstasjonen skal utformast med fargesetting og materialval som dempar den visuelle verknaden. Det er ikkje komme merknader til søknaden frå hytteeigarane i område eller frå lokale frilufsorganisasjonar, etter det kommunen har fått opplyst.

Opprustinga av kraftverket er vurdert å ha noko positiv konsekvens for næringslivet, i form av sysselsetting i utbyggingsperioden, og noko positiv konsekvens for kommunal økonomi, i form av eigedomsskatteinntekter. Kraftverket vil også gje ei viktig inntekt til grunneigarane gjennom fallrettsleiga, og sikre næringsgrunnlaget deira lokalt. Opprustinga vil auke produksjonen ved kraftverket vesentleg (tilsvarande forbruket til 250-300 husstandar), og vil vere med å bidra til å nå nasjonale mål om auka utbygging av fornybar energi. Sjølv om dei omsøkte tiltaka vil ha negative konsekvensar for m.a. naturmangfald og friluftsliv, er det allereie gjort store inngrep knytt til eksisterande utbygging, og omfanget av dei nye inngrepa er avgrensa. Dei negative konsekvensane av tiltaket kan reduserast ved å behalde eksisterande inntak, men dette vil gå ut over lønsemda i prosjektet, og kan medføre at det ikkje vert realisert. Kommunen legg til grunn at NVE gjer dei nødvendige vurderingane og vektinga etter naturmangfaldlova ved si handsaming av saka.

Ein forutset at kommunen vil få detaljplan for miljø og landskap til høyring, og handsaming av ein eventuell dispensasjonssøknad krevje meir detaljerte planar, m.a. for utforming av kraftstasjon og terrenginngrep knytt til vegbygging.